

Hei VGU,

Sjølvsom det sikkert blir svært utfordrande å oppnå ein omforent høyringsuttale frå bygda, tillét eg meg som representant for «nei-til-Windafjord Port-planane-sida» å føreslå følgjande som diskusjonsgrunnlag for høyringsuttale på årsmøtet for Grendautvalet 13/3:

HØYRING REVIDERT AREALDEL TIL KOMMUNEPLANEN:

FJELLA:

Vikebygd Grendautval seier NEI til vindturbinar med tilhøyrande vegar i fjella kring Vikebygd om det skulle komma inn planinitiativ til kommunen frå eit utbyggjarselskap.

DOMMERSNES:

Vikebygd Grendautval (eller motstandarane av planframlegget til Windafjord Port) meiner at areal avsett til industri på Dommersnes bør reduserast frå dagens ca. 530 dekar til ca. 220 dekar, dvs. avgrensast til arealet som blei brukt av Peconor inkludert arealet som er brukt av dagens verksemder på Dommersnes. Det reduserte arealet bør gå tilbake til LNF-område.

Grunngjeving:

Planframlegget for Windafjord Port, som dekkar ca. 500 dekar, er for stort og inngripande i bygda, har mange negative konsekvensar for bygda og har skapt stor motstand frå fastbuande og hytteeigarar.

Svært mange grunneigarar med familiemedlemmer i Vikebygd har signert mot planane til Windafjord Port.

Konsekvensutgreiingane for Windafjord Port konkluderer med mange negative konsekvensar, som t.d.«svært stor negativ konsekvens» for naturmangfaldet på land, og svært få positive konsekvensar for Vikebygd.

Planframlegget bidrar til bit-for-bit nedbygginga av natur i Noreg.

Vindafjord kommune har som mål å ta vare på naturmangfaldet i kommunen samt å ta vare på karbonrikt areal.

Vikebygd vil ta vare på Brunnavika med tilhøyrande hytter.

Dersom planframlegget for Windafjord Port blir vedteke som ny reguleringsplan, vil det bandleggja 500 dekar til Dommersnes AS på ubestemt tid. Dette vil vera til hinder for andre aktørar og til hinder for eksisterande verksemder på Dommersnes som ikkje kan investera noko grunna uvissa. I tillegg vil eigedommane rundt få verdiforringing på ubestemt tid.

Det eksisterande og tidlegare nytta industriarealet (ca. 220 dekar), bør utviklast med småskala industri tilpassa bygda og naturen rundt.

HØYRING PLANFRAMLEGGET FOR WINDAFJORD PORT:

Vikebygd Grendautval (eller motstandarane av planframlegget til Windafjord Port) seier NEI til planframlegget for Windafjord Port av følgjande grunnar:

same grunnar som over.